

Referat

frå opent orienteringsmøte om forslag til reguleringsplan for ny Finnøybru

Tid: Onsdag 4. februar 2026, kl. 18.00 – 19.30

Stad: Sandøytunet nærmiljøkafe i Steinshamn

Til stades:

Møre og Romsdal fylkeskommune: Prosjektleder Ragnhild Holen Relling, Prosjekterings-/byggeleder Andreas Tennøy Brekke, Rådgiver Else Britt Ervik, planleggingsleder Per Gunnar Løset

Ålesund kommune: Planleggar/saksbehandlar Oskar Vikman, planleggar Sunniva Berntsen Eide.

Det var om lag 70 frammøtte.

Tema for møtet:

Reguleringsplanforslag for ny Finnøybru er ute til høyring og offentlig ettersyn.

- Planleggingsleder Per Gunnar Løset ønska velkommen og orienterte om planforslaget
- Prosjektleder Ragnhild Holen Relling orienterte om kva som skal byggast og om gjennomføring av anlegget.
- Saksbehandlar Oskar Vikman orienterte om planprosess og høyringsfrist mm.

Spørsmål og innspel frå salen:

1. **Spørsmål:** Skal ein setje i gang bygging før ein veit at finansieringa er i orden?
Svar: Kan gjere ein del arbeid før vedtak om vidare budsjett. Har sett i gang detaljprosjektering. Det blir nytt kostnadsoverslag som grunnlag for avgjerd om oppstart. Fylkestinget gjer budsjettvedtak i desember.
2. **Spørsmål:** 70 mill. kr var pris tidlegare. Kvifor 160 mill. no?
Svar: Tidlegare estimat er fleire år gammalt og har blitt hengande ved for lenge. Var basert på estimat i ein veldig tidleg fase, med fokus på brukonstruksjonen.
3. **Spørsmål/innspel:** Det må brukast meir pengar på fylkesvegen frå Finnøya.
Svar: Politisk prioritering. Det er dårleg standard og stort vedlikehaldsetterlep på svært mange fylkesvegstrekingar. Prosjektet gjeld berre bygging av ny bru.

4. **Spørsmål/innspel:** Trur det er høgare ÅDT enn de trur. Vil ha trafikkteilar. Det bør vere to felt på heile vegen, på grunn av buss og kaos med sommartrafikk.
Svar: I reguleringsplanen er det planlagt tofelts veg med breidde 6,5 m. Økonomien gjer at det berre blir bygd eitt felt, bortsett frå på sjølvve brua (Byggetrinn 1). Stram fylkesøkonomi gjer at berre det mest nødvendige kan gjennomførast. ÅDT ligg uansett langt under grensa for å vurdere høgare vegstandard.
5. **Innspel:** Det er auke i tungtrafikk som går over Nordøyvegen og vidare til/frå ferja frå Finnøya.
Svar: Tas til orientering.
6. **Spørsmål:** Kvar blir stein til fylling henta frå?
Svar: Fylkeskommunen har masselager på Fjørtofta etter bygging av Nordøyvegen, men massar til fyllingane vil vere del av konkurransegrunnlaget.
7. **Spørsmål:** Er det berre brua som er 2,5 meter høgare enn dagens veg?
Svar: Ja, i byggetrinn 1. Ved eit eventuelt byggetrinn 2 blir heile moloen heva.
8. **Spørsmål/innspel:** Det burde vere lågare fartsgrense på heile Harøya.
Svar: Er ikkje ein del av reguleringsplanen. Ta kontakt med Plan og Trafikk i fylkeskommunen for å gi innspel om dette.
9. **Spørsmål:** Det trekkjer ut i tid, no er det sagt 2027, men kva om det blir lenger?
Svar: Midlertidig bru blir bygd raskt om dagens bru må stengast. Vi arbeider mot godkjent reguleringsplan sommaren 2026, detaljprosjektering i løpet av 2026. Klart til anleggsstart i 2027, føresett planvedtak og fullfinansiering.
10. **Spørsmål/innspel:** Bekymra for tilstanden på brua slik ho er no. Kor mange år/månader vil dagens bru halde?
Svar: Fylkeskommunen er ansvarleg for tryggleik, følgjer tett opp og gjer nødvendige tiltak. Det er rutinar for bruinspeksjonar. Vi gir tilbakemelding til bruforvaltar om bekymringane.
11. **Spørsmål:** Kvifor er det 50 km/t over moloen? "Ingen" held fartsgrensa.
Svar: På grunn av trafiksikkerheit, låg vegstandard, dårleg sikt.

Referent: Else Britt/Per Gunnar